



Utsnitt av Cunninghams kunstverk med grunntrekka av eit mansansikt

Dei som er flinke til å sjå nye innslag i landskapet har kanskje sett det - kunstverket som no er felt inn i eit vindaug sentralt i Uskedalen. Det er det eine av to kjellarvindaug under løa til Kjell Hjelmeland som har fått overraskande og ny

**utsjånad,  
Men kva skal det eigentleg forestille?**

Det kjem vi attende til, men korleis har kunstverket hamna akkurat der? Kunstnaren, som heiter John Cunningham, er frå den nordvestlege del av England og han har gifta seg til Halsnøy der han er lærar i kunst på folkehøgskulen. Han er svært allsidig som kunstnar og har som motto at kunsten skal bringast ut til folket. Sidan han kom til Halsnøy har han gjort seg gjeldande både som gatekunstartist og målar, for å nemne to døme. Men kvifor no Uskedalen?

- Eg observerte at Uskedalen ikkje har noko galleri og då eg køyrde gjennom bygda oppdaga eg at dei to vindauga kunne vera ein passande stad å plassera noko, seier John til uskedalen.no. Han møtte berre velvilje hos Kjell Hjelmeland som tykkjer det er spanande med kunst i friluft.

Dermed har kunstnaren også avslørt at han etter kvart kjem me noko for den andre 'ledige' plassen. Og det er også logisk at det blir ansiktstrekka til ei kvinne ettersom ein kan sjå ansiktsdraga til ein mann i det kunstverket som no er på plass.

John antyder også at han kanskje vil satse på ein utstilling her i bygda til sommaren og i så måte er jo løekunsten ein interessant oppvarming,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Vindaageopningen passar bra til kunstpresentasjon